

Strategi for berekraft og samfunnsansvar

Dokumentadministrator: Hanne Teigen

Gyldig fra: 02.10.2024

Revisjon: 1.2

Godkjent av: Hanne Teigen

Revisjonsfrist: 02.10.2025

ID: 7805

Vedtatt av styret 27.09.2024

Innhold

[Bakgrunn og føremål](#)[Ansvarleg](#)[Målsetjingar](#)[Visjon:](#)[Overordna mål:](#)[Prioriterte berekraftsmål i strategiperioden:](#)[Finansiell forvaltning](#)[Utlån](#)[Finansiering](#)[Produktselskapa](#)[Kapitalforvaltning](#)[Gåver og sponing](#)[Risikostyring](#)[Offentleggjing av informasjon](#)

Bakgrunn og føremål

Luster Sparebank er ein lokal og sjølvstendig sparebank som vart skipa i 1848. Banken bidrar kvart år med fleire millionar til frivillige lag, ideelle organisasjonar og aktivitetar som skal fremje livskvalitet eller folkehelse. Banken har eit strengt regelverk knytt til antikvitvaskarbeid. Arbeidet med å bekjempe korrupsjon, kvitvasking, terrorfinansiering og anna økonomisk kriminalitet står sentralt i banken si forretningsdrift. Banken har etisk regelverk som alle tilsette følgjer. Banken skal ta vare på våre tilsette og vere ein inkluderande arbeidsplass som fremjar likestilling. Banken har verneombod og er ei registrert IA-bedrift. Dei tilsette si eiga foreining får årleg støtte frå styret til å gjennomføre sosiale aktivitetar for dei tilsette og dei tilsette sine familiar. Ambisjonen til banken er ikkje å ekskludera kundar som ikkje er berekraftige, men å påverke dei til å ta berekraftige val. Ei berekraftig utvikling er ei utvikling som imøtekjem dagens behov utan å øydelegge moglegheitane for at kommande generasjonar skal kunne dekke sine behov.

FNs mål for berekraftig utvikling er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikheiter og stoppe klimaendringane innan 2030. Planen består av 17 mål og 169 delmål som skal fungere som ein felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn.

Både banken og lokalsamfunnet står overfor ei stor omstilling for å nå berekraftsmåla som er fastsatt. Dette dokumentet skal setje dei overordna premissane for bankens berekraftsarbeid og gje tydelege føringar for avgjerder og løpande operativt arbeid i organisasjonen. Strategien skal også gje offentlegheita informasjon om korleis berekraftsarbeidet blir integrert i bankverksemda. Strategien skal vere retningsgjevande, og må difor sjåst i samheng med banken sin etiske retningslinjer, øvrige strategidokument og andre relevante styrande dokument.

Ansvarleg

Berekraftsogrepet vert ofte delt i tre områder med forkortinga ESG. ESG står for Environmental, Social and Governance. Dette omfatter klima og miljø, sosiale forhold og virksomheitsstyring.

Grunnlaget for vårt arbeid med berekraft er eit behov for at samfunnet går i ein grønar retning. Strategien er utarbeida med bakgrunn i dei tre områda innanfor berekraft (ESG). I tillegg er FNs 17 berekraftsmål sentrale i utarbeidinga av vår berekraftstrategi. Bankens overordna strategi, visjon og verdiar er også sentrale for det arbeidet som er gjort. Finansnæringens vegkart for berekraftig finans legg føringar for korleis banken jobbar med klimarisiko og klassifisering. Summen av dette set retninga for korleis banken ynskjer å jobbe med berekraft, og sørge for at samfunnet går i ei grønar retning, og at banken framleis er berekraftig og lønsam.

Målsetjingar

Visjon:

- berekraft skal vere det naturlige valet i Luster Sparebank

Dette betyr at bankverksemda skal verta innretta på ein slik måte at det samsvarar og bidreg til ei berekraftig samfunnsutvikling, i henhold til FNs berekraftsmål.

Overordna mål:

1. Banken skal ta omsyn til berekraft i små og store avgjersler i heile verksemda

Berekraft skal vera ein naturleg del av korleis banken arbeider og påverka vala banken gjer kvar dag.

2. Banken skal prioritera områder/tema der banken har størst moglegheit til å utgjere ein forskjell.

Banken skal i 2024 gjennomføre ein dobbel vesentlegheitsanalyse. Der skal banken avdekke dei områda som er mest vesentlege for oss å arbeide vidare med, samt avdekke kva interessentar banken må forhalda oss til.

3. Banken skal vera ein aktiv bidragsytar i utviklinga av eit berekraftig lokalsamfunn

Lokalsamfunnet er ein del av vårt marknadsområde, og dette kan banken påverke gjennom utdeling av gåver til allmennyttige formål er eit unikt verktøy med lang tradisjon for å fremje ei positiv samfunnsutvikling.

Prioriterte berekraftsmål i strategiperioden:

FNs berekraftsmål nr 8. Anstendig arbeid og økonomisk vekst

- Tilby gode og lønnsame produkt til kundane våre
- Gjennomføre ESG- vurdering av næringslivskundane med engasjement over ein definert terskel.
- Arbeida aktivt for å forebygge og avdekke økonomisk kriminalitet og svindel, gjennom bankens AHV-arbeid
- Fremja eit trygt og sikkert arbeidsmiljø for alle tilsette
- Leggja til rette for mangfald i arbeidsstokken
- Fokus på kompetanseheving, leggja til rette for at den enkelte medarbeidar skal kunne tileigne seg ny kompetanse og intern utvikling i banken

FNs berekraftsmål nr 11- Berekraftige byar og lokalsamfunn

- Tilby attraktive kompetansearbeidsplassar lokalt
- Banken skal vera ein aktiv bidragsytar til positiv utvikling og vekst i lokalsamfunna banken er ein del av
- Bidra til breidde og mangfald i aktivitetstilboda i lokalsamfunna, både i høve innhald, aldersgrupper og geografi
- Vera ein heilskapleg leverandør av finansielle produkt til konkurransedyktige vilkår
- Finansiere og stimulere til bustadbygging i alle deler av regionen vår
- Banken skal vera ein aktiv bidragsytar til berekraftig utvikling og omstillinga til eit lågutsleppssamfunn
- Arbeida aktivt for å forebygge og avdekke økonomisk kriminalitet og svindel, gjennom bankens AHV-arbeid

FNs berekraftsmål nr 13. Stoppe klimaendringane

- Tilby kundane attraktive produkt som fremjar klima og miljø
- Nytt sponsor og gåvemiddel til å støtte opp under positive initiativ som bidrar til å stoppe klimaendringar
- Banken skal vera ein aktiv bidragsytar til berekraftig utvikling og omstillinga til eit lågutsleppssamfunn
- Gjennomføre ESG- vurdering av næringslivskundane med engasjement over ein definert terskel.
- Vera ein synleg aktør i regionen som syner kva miljømessige tiltak banken gjennomfører og har fokus på
- Oppretthalda sertifiseringa som miljøfyrtårnbedrift, og ivareta dei forpliktingar det medfører.
- Ha fokus på å velja miljøvennlege løysingar der det er mogleg og hensiktsmessig

Finansiell forvaltning

Gjennom vår finansielle forvaltning skal banken leggje til rette for berekraftig vekst. Banken skal tilby god og ansvarleg rådgjeving, tilby klimasmarte tenester og banken skal ha klare krav og ynskjer om kva kundar og prosjekt banken finansierer.

Utlån

Banken finansierer mange ulike formål i lokalsamfunnet, både til privatpersonar og bedrifter. Gjennom å tilby berekraftige produkt og stille krav til låntakarane kan banken bidra til den omstillinga som trengs for å nå klimamåla. Dette inneber at banken fastset kriterier og rutinar for engasjementa som er klima- og miljøvennlege, og utviklar låneprodukt som stimulerar til klima- og miljøsmart åtferd. Det blir også fastsett kriterier og rutinar for utestenging av engasjement med negativ klima- og miljøpåverknad. Banken tilbyr grønt bustadlån, grønt billån, miljølån til utbetringar av bustaden din og grønt næringslån. Det blir gjennomført ei ESG-vurdering av bedriftskundar med engasjement over ein definert terskel.

Resultata frå ESG-vurderingane skal rapporterast til styret kvartalsvis av administrasjonen.

Finansiering

Banken finansierer seg med innskot frå kundar og ved innlån frå finansmarknaden. Gjennom å tilby klimasmarte spareprodukt og nytta grøn marknadsfinansiering kan banken leggja til rette for at kapital blir gjort tilgjengeleg for prosjekt som fremjar ei berekraftig framtid. Dette inneber at banken skal fastsetje kriteriar og rutinar for finansiering som er klima- og miljøvennleg, og utvikle innskots- og finansieringsløysingar som stimulerer til klima- og miljøsmart åtferd. Banken har finansiert deler av den grønne utlånsporteføljene med innlån via det grønne rammeverket til Kredittforeninga for Sparebankar. Banken hentar vidare store volum finansiering gjennom Verd Boligkreditt AS. Verd Boligkreditt har etablert eit grønt rammeverk for utferding av obligasjonar med fortrinnsrett. Gjennom rammeverket vil banken få tilgang til finansiering av klima- og energieffektive bustadlån til gunstige vilkår. Banken vil halda fram arbeidet med løysingar for innhenting av marknadsfinansiering til klimavennlige føremål.

Økonomisjef er ansvarleg for at kriterier og rutinar blir innført i finansieringsrammeverket, og at det blir fastsett konkrete mål med tilhøyrande indikatorar som blir rapporterte til styret kvartalsvis i risikorapport levert av administrasjonen.

Produktselskapa

Banken tilbyr forsikring gjennom Frende Forsikring, finansiering gjennom Brage Finans samt aksje- og fondshandel gjennom Norne Securities. Banken er også deleigar i Verd Boligkreditt. Gjennom eigarskap i desse selskapa skal banken ta ein tydeleg og aktiv posisjon for selskapas arbeid med klimaendringar og berekraftig utvikling. Det gjeld spesielt produkta banken formidlar i banken, men også selskapas berekraftsarbeid generelt. Styret og banksjef er ansvarleg for aktiv eigarstyring.

Kapitalforvaltning

Banken forvaltar eigne midlar ved plassering av overskotslikviditet og eigne investeringar. Banken sine midlar skal ikkje plasserast i verdipapir som påverkar klimaet og miljøet negativt. Styret fastset kriteriar for eksklusjon av plasseringar med negativ klima og miljøpåverknad i bankens marknadsstrategi.

Gåver og sponing

Banken bidrar kvart år med fleire millionar til frivillige lag, ideelle organisasjonar og aktivitetar som skal fremme livskvalitet og folkehelse. Gjennom desse tildelingane ynskjer banken å bidra til ei berekraftig utvikling av lokalsamfunnet. I tillegg til dei ordinære gåvetildelingane støttar banken mange ulike tiltak og arrangement i løpet av året med hovudfokus på barn og unge, for å fremje aktivitet og eit godt oppvekstmiljø.

Dette er ned felt i bankens vedtekter, og blir behandla av styret eller administrasjonen.

Risikostyring

Berekrafts- og klimarisiko skal inngå som ein integrert del av banken si risikostyring, og må analyserast og håndterast på lik linje som med andre risikoområder. Ved utarbeiding av strategiar, retningslinjer, budsjett og andre styringsdokument inngår denne risikoen som eit viktig vurderingsområde.

Offentliggjerings av informasjon

Banken skal vere open og tydeleg rundt vårt samfunnsansvar og arbeid med berekraft, og gje konkret og relevant informasjon til offentlegheita. Banken skal ved offentlig berekraftsrapportering fylgje anbefalingane til Task Force on Climate Related Financial Disclosures. Rapportar blir publiserte på bankens heimeside. Årleg redegjørelse for samfunnsansvar i henhold til regnskapslova inngår i bankens årsrapport. Innan 30. juni kvart år blir det publisert ei aktsemdvurdering av banken i henhold til openheitslova. Styret vil få ei intern berekraftsrapportering kvartalsvis i risikorapport utarbeida av administrasjonen.